



Møtereferat

Møte i prosjektgruppa

Møtedato:	23.04.2018	Møtestad:	Rådhuset i Førde
------------------	------------	------------------	------------------

Møtt	Ikkje møtt
Anita Eide Kvamme (leiar av gruppa) Erlend Herstad Judith Kapstad Anette Sollid (prosjektsekretariat)	Jakob Andre Sandal Anne Margrete Frimannslund Judith Kapstad Svein Årdalsbakke Håkon Myrvang Mathias Råheim Sølvi Iren Søgner

Møteleiar:	Anita Eide Kvamme	Møtereferent:	Anette Sollid
-------------------	--------------------------	----------------------	----------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	Status kommunevåpen <ul style="list-style-type: none">• Teiknekonkurranse vart lagt ut rett før påske, og vil halde fram til 1.mai• Om lag 200 teikningar somer kome inn• Medlemmane i prosjektgruppa er ambassadørar og må nytte alle høve til å oppmode om deltaking• Anbud er sendt ut og alle tre har stadfesta at dei kjem til å levere• Det vart drøfta at når ein skal trekkje vinnar, så skriv vi ut alle teikingane. Teikingane vert så sett i ein perm slik at medlemmane i prosjektgruppa får sett alle teikningane.		
2	Møte med ungdomsråda <p>Mathias var med på møte med ungdomsråda i førre veke. Sidan Mathias ikkje var tilstades på møtet, så er vi ikkje heilt sikre på kva som kom fram der. Anita tek kontakt med Mathias for å høyre kva som kom fram.</p> <p>Ta ei arbeidsøkt (1 time?) saman med ungdomsrådet neste gong rådet har samling, og saman med dei kome fram til identitetsfremjande aktivitetar for ungdom.</p>		
3	Historisk samling <p>Det kom inn forslag i førre møte på om det kunne vere aktuelt med ei markering i kvar kommune der ein dreg opp historia til kommunen frå start til no. Dette</p>	Ordførarar med sin kommune-	Siste halv år 2019

	<p>kunne skje i form av ei samling i kvar av dei fire kommunane knytt til arrangement som trekk innbyggjarar flest i 2019. Til dømes Sanden søndag, Din Jølsterdag/ aurefestival, Gaular marknad, Førde Opp eller tilsvarende arrangement.</p> <p>Sidan dette ikkje primært er ein identitetsbyggande aktivitet, så kan det vere naturleg at kommunane kvar for seg får ansvar for dette. Prosjektgruppa held fokus på dei mange aktivitetane som er retta mot det vi skal vere i saman.</p>	administrasjon	
4	<p>Ordfører vandring - status</p> <p>Fleire kommunar har lagt opp til ordfører vandring saman med Turlaget. Det kan vere aktuelt å ta kontakt med Turlaget for å bli ein del av programmet i 2019. Kan vere aktuelt at ordførarane held i denne tråden. Avkalre ein sum som kan vere aktuell å gje turlaget for oppdraget.</p> <p>Det vart i møtet snakka om at det kan vere aktuelt med fleire samarbeidspartnarar i tillegg til turlaget på nokre av turane. Til dømes ei kulturvandring.</p> <p>Det er sendt ut ein epost til dei fire ordførarane der ein oppmodar om dei kjem med innspel til kva tur dei kunne tenke seg å ta med innbyggjarane på vandring og kva tid i 2018. Ikkje respons på denne så langt.</p> <p>Turen kan også starte i ein kommune og ende opp i ein anna. Fordel om om turane er ulikt krevjande. Fint om der er i allefall ein kort tur som høver for familiar med småbarn.</p>	Ordførarane	Sommar halvår minus fellesferie
5	<p>Turnering – idrettsarrangement – el liknade</p> <p>Høyre med idrettslaga i dei fire kommunane om det kan vere aktuelt med eit fellesarrangement. Invitere dei inn til ein idedugnad og sjå kva idear dei kjem opp med for aktivitetar somkan fremje ein felles identitet.</p> <p>Starte med eit møte mellom leiarane i idrettslaga og prosjektgruppa. Må avklare kven som møter frå prosjektgruppa. Må avklare kostandar.</p> <p>Planlegge aktiviteten ut over hausten 2018, gjennomføre aktivitet i 2019</p>	gruppa	
6	<p>Felles arrangement – klippe snora</p> <p>Vil planlegge eit litt meir høgtideleg arrangement på samanslåingstidspunktet.</p> <p>Planlegging må skje haust 2018. Innahald vi henge i saman med kostandar.</p> <p>Drøfta i gruppa i dette møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva dag skal dette skje? Nyttårsafta? Ein dag over nytt år? • Om det er nyttårsafta kan det vere aktuelt med fyrverkeri • Konsert med ulike aktørar frå kommunane? Kulturskulen? 	Gruppa	
7	<p>Møte 14.mai</p> <p>I dette møtet skal det trekkjast ein vinnar av teiknekonkurransen og det skal</p>	Gruppa	

	<p>velgjast leverandør til utforming av kommunevåpen. Viktig med godt oppmøte frå prosjektgruppa. Det er møte i andre politiske prosjekt rett i forkant den dagen. Vanskelig å flytte møte sidan det er mange involvert, og tidsramma i høve kommunevåpen bør haldast. Dei som skal i møte på førehand må altså bu seg på litt lang dag.</p>		
8	<p>Aktivetsplan</p> <p>Sjå vedlegg for plan med dei aktivitetane som er drøfta så langt</p>		

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.